

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hyllestad kommune

Utval: Kontrollutval - Hyllestad kommune
Møtedato: 26.09.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Kommunestyresalen
Møtenr.: 4/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Administrasjonssjefen (sak 26/12).
Melding til: Ordførar (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

024/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
025/12 Skriv og meldingar.
026/12 Orientering ved rådmannen.
027/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering».
028/12 Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.
029/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Hyllestad.
030/12 Eventuelt.

Hyllestad 18.09.2012.

Håkon Giil (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gulen, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

024/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.09.2012	024/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

025/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.09.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.09.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 10-12: Vedtak kommunestyresak 036/12 Årsmelding frå kontrollutvalet.
- SM 11-12: Vedtak kommunestyresak 030/12 Referatsaker.
- SM 12-12: Vedtak kommunestyresak 037/12 Rekneskap og årsmelding 2011.
- SM 13-12: Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2012.
- SM 14-12: Budsjettkontrollrapport 1. halvår 2012.
- SM 15-12: Retningslinjer for oppfølging og avslutning av tilsyn ved lovbrøt i verksemdar.
(www.sekom.no menypunkt Rapportar for meir om tilsynsrapportar frå Fylkesmannen; planlegging, gjennomføring, oppfølging og avslutning).

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld


Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



HYLLESTAD KOMMUNE

Administrasjonssjefen

SM 10-12

SEKOM - sekretariatet
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.:

Arkivsaknr.: 11/18-11/ JENS
L.nr.: 12/4051

Dykkar ref.:

Arkivkode:

K1-210

Dato:

06.07.2012

Årsmelding frå kontrollutvalet

Det er gjort følgjande vedtak:

28.06.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-036/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsmelding 2011 få kontrollutvalet i Hyllestad kommune vert godkjent.

Med helsing

Jens Christian Lundeland
Rådmann

Telefon: 57789503

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt: 6345.06.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad kommunestyre	28.06.2012	030/12
Avgjerd av: Saksansvarleg: Jens Christian Lundeland	Arkiv: K1-033, K3-&17 Objekt:	Arkivsaknr.: 12/400

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/2387	I	27.03.2012	Kommunal-og regionaldep.	Fastsetting av valdag
2	12/3182	I	21.05.2012	Kryss Revisjon	Årsrekneskap og årsrapport 2011
3	12/3736	I	18.06.2012	SYS IKL	Årsmelding 2011
4	12/3241	I	24.05.2012	Sunnfjord Energi AS	Ref. frå generalforsamling 24.04.12.
5	12/3735	I	18.06.2012	SUM	Protokoll frå representantsskapsmøtet 27.4.12
6	12/3738	I	18.06.2012	HAFS regionråd	Referat frå regionrådsmøte 24. mai 2012
7	12/3737	I	18.06.2012	Carnegie	Månadsrapport for mai 2012
8	11/203	I	04.01.2011	Kryssrevisjon	Vurdering av uavhengigheit Hyllestad kommune
9	Stillinga som plan- og utviklingsjef				

28.06.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-030/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre, med følgjande merknader:

Til pkt. 9: Framlegg frå adm. om å nytte eit bemanningsbyrå til tilsetting av plan- og utviklingsjef. Kommunestyret hadde ikkje merknader i saka.

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.



HYLLESTAD KOMMUNE

SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad formannskap	14.06.2012	044/12
Hyllestad kommunestyre	28.06.2012	037/12
Sakshandsamar: Jens Christian Lundeland	Arkivkode: K1-210, K3-&14	Arkivsaknr. 11/729

Rekneskap og årsmelding 2011

14.06.2012 HYLLESTAD FORMANNSKAP

FORM-044/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2011.
2. Kommunerekneskapen for 2011 vert godkjent slik han føreligg.

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2011.
2. Kommunerekneskapen for 2011 vert godkjent slik han føreligg.

28.06.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-037/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2011.
2. Kommunerekneskapen for 2011 vert godkjent slik han føreligg.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
16	I	09.05.2012	Tveit Asgeir	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 - Hyllestad kommune
20	I	01.07.2012	irb	Årsmelding 2011
21	U	02.07.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Rekneskap og årsmelding 2011

Kontrollutval-sak 21/12
Uttale frå kontrollutvalet av 8.05.12

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

AKTUELLE LOVER, FØRESEGN, AVTALAR M.M.:

Kommunelova
Økonomireglementet

KVA SAKA GJELD:

Godkjenning av årsmelding og rekneskap for Hyllestad kommune for 2011.

SAKSUTGREIING:

Viser til

- Tidlegare omdelte/utsende årsmelding og rekneskap.
- Revisjonsmelding av 11.04.12
- Kontrollutvalet si handsama årsrekneskapen i sak 21/12 og uttale av 8.05.12

Revisor har ikkje merknader til rekneskapen.

Kontrollutvalet, som skal uttale seg om rekneskapen kan godkjennast eller ikkje, tilrår at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

Formannskapet skal tilrå disponering av overskot, ev føreslå inndecking av underskot.

Rekneskapen for 2011 er gjort opp i balanse.


HYLLESTAD KOMMUNE

SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad formannskap	14.06.2012	048/12
Hyllestad kommunestyre	28.06.2012	048/12

Sakshandsamar:
Jens Christian Lundeland

Arkivkode:
K1-150

Arkivsaknr.
12/179-15

Budsjettkontrollrapport pr. 1. kvartal 2012

14.06.2012 HYLLESTAD FORMANNSKAP

FORM-048/12 VEDTAK:

- Kommunestyret tek budsjettkontrollrapporten pr 1.kvartal til etterretning.
Driftsbudsjettet vert å justere i samsvar med følgjande oppstilling:

Ansvar	kto	teneste	Utg opp Innt ned	Utg ned Innt opp	Justert budj /ramme
120		Sentraladministrasjonen	600'		10.371'
272-273		Barnehagane	253'		7.078'
370	13505	Adm. omsorg	31'		71'
900	18700	Skatt	500'		32.400'
900	15300	Dekning av underskot		500'	0
900	15400	Avsetning til disposisjonsf.		884'	547'
			1.384'	1.384'	

- Kommunestyret vedtek å justere investeringsplanen i økonomiplanen i samsvar med følgjande:

Prosjekt	2012	2013	2014	2015
1750 Sørbovåg vassverk	-3000'	+3000'		
1917 Skuleprosjektet	-4000'	+4000		

Dette inneber følgjande samla låneopptak i perioden:

År 2012	10.600.000	
År 2013	23.100.000	Inkl. auke i skuleinv., kr. 1.600.000 (KOMM-20/12)
År 2014	16.025.000	
År 2015	1.450.000	
Samla lånebehov	51.175.000	

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

3. Kommunestyret tek budsjettkontrollrapporten pr 1.kvartal til etterretning.
Driftsbudsjettet vert å justere i samsvar med følgjande oppstilling:

Ansvar	kto	teneste	Utg opp Innt ned	Utg ned Innt opp	Justert budj /ramme
310			600'		10.371'
Sentraladministrasjonen					
272-273		Barnehagane	253'		7.078'
370	13505	Adm. omsorg	31'		71'
900	18700	Skatt	500'		32.400'
900	15300	Dekning av underskot		500'	0
900	15400	Avsetning til disposisjonsf.		884'	547'
			1.384'	1.384'	

4. Kommunestyret vedtek å justere investeringsplanen i økonomiplanen i samsvar med følgjande:

Prosjekt	2012	2013	2014	2015
1750 Sørbovåg vassverk	-3000'	+3000'		
1917 Skuleprosjektet	-4000'	+4000		

Dette inneber følgjande samla låneopptak i perioden:

År 2012	10.600.000	
År 2013	23.100.000	Inkl. auke i skuleinv., kr. 1.600.000 (KOMM-20/12)
År 2014	16.025.000	
År 2015	1.450.000	
Samla lånebehov	51.175.000	

28.06.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

SP v/Håkon Giil sette fram to tilleggsframlegg til vedtak:

3 «Hyllestad kommunestyre viser til at det ei tid har vore stor mangel på nødvendig fagpersonale innan ulike sektorar, noko som mellom anna har medført at ein ikkje har kunna setje inn heilt nødvendige vikarar eller at ein har måtte leige inn kostandsdrivande vikarbyrå.

Kommunestyret ber om å få seg førelagt ei vurdering av gjeldande og mogleg nye personalpolitiske tiltak for å betre rekrutteringa og redusere avgangen av medarbeidarar. Vurderinga bør mellom anna innehalde moglege stipendordningar og seniorpolitiske tiltak,

målretta bruk av medarbeidersamtalar, rutinar som sikar oversyn over årsaker til at folk vel å avslutte arbeidsforholdet, friare bruk av frivillig (ikkje pålagt) overtid med meir».

4 «Hyllestad kommunestyre ber om at formannskapet førebur ei sak der ein vurderer å innføre godtgjersle for politisk tillitsvalde, til dømes med verknad frå 2. halvår 2012».

Det vart røysta punktvis:

Pkt. 1 og 2 vart røysta over samla – samrøystes vedteke.

Pkt. 3 frå Håkon Giil – vedteke mot 3 røyster.

Pkt. 4 frå Håkon Giil – samtøystes vedteke.

KOMM-048/12 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek budsjettkontrollrapporten pr 1. kvartal til etterretning.
Driftsbudsjettet vert å justere i samsvar med følgjande oppstilling:

Ansvar	kto	teneste	Utg opp Innt ned	Utg ned Innt opp	Justert budj /ramme
120		Sentraladministrasjonen	600.000		10.371.000
271		Tilskot Åfj. barnehage	404.973		1.754.973
272-273		Barnehagane	35.800		5.510.800
370	13505	Adm. omsorg	31.000		71.000
900	18700	Skatt	500.000		32.400.000
900	15300	Dekning av underskot		500.000	0
900	15400	Avsetning til disposisjonsf.		1.071.773	328.223
			1.571.773	1.571.773	

2. Kommunestyret vedtek å justere investeringsplanen i økonomiplanen i samsvar med følgjande:

Prosjekt	2012	2013	2014	2015
1750 Sørbovåg vassverk	-3000'	+3000'		
1917 Skuleprosjektet	-4000'	+4000		

Dette inneber følgjande samla låneopptak i perioden:

År 2012	10.600.000	
År 2013	23.100.000	Inkl. auke i skuleinv., kr. 1.600.000 (KOMM-20/12)
År 2014	16.025.000	
År 2015	1.450.000	
Samla lånebehov	51.175.000	

3. Hyllestad kommunestyre viser til at det ei tid har vore stor mangel på nødvendig fagpersonale innan ulike sektorar, noko som mellom anna har medført at ein ikkje har kunna setje inn heilt nødvendige vikarar eller at ein har måtte leige inn kostandsdrivande vikarbyrå.

Kommunestyret ber om å få seg førelagt ei vurdering av gjeldande og mogleg nye personalpolitiske tiltak for å betre rekrutteringa og redusere avgangen av

medarbeidarar. Vurderinga bør mellom anna innehalde moglege stipendordningar og seniorpolitiske tiltak, målretta bruk av medarbeidersamtalar, rutinar som sikar oversyn over årsaker til at folk vel å avslutte arbeidsforholdet, friare bruk av frivillig (ikkje pålagt) overtid med meir.

4. Hyllestad kommunestyre ber om at formannskapet førebur ei sak der ein vurderer å innføre godtgjersle for politisk tillitsvalde, til dømes med verknad frå 2. halvår 2012.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	17.04.2012	Hyllestad Frivilligsentral	Rapport frå Hyllestad Frivilligsentral 1.kvartal
3	I	18.04.2012	Jens Chr. Lundeland	Rekneskap 13.04.2012 ansv 695.xlsx
4	X	23.04.2012	Plan og utvikling - Hans Emil Dale; Leirvik barnehage - Rigmor Strømskag Dale; Hyllestad skule - Hildegunn Hatlem; NAV Hyllestad - Kristen Holt; Helse- og omsorgstenestene - Jens Chr. Lundeland; Hyllestad og Fjaler kulturskule - Ole Jakob Nedrebø; Øn barnehage - Inger Nyland; Hyllestad skule - Kjersti Søvik; Sentraladministrasjonen - Elin Garnes Solås	Budsjettkontrollrapport 1.kvartal 2011 - økonomiske oversikter
5	X	25.04.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland; Sentraladministrasjonen - Irene Bøe	Budsjettkontrollrapport 1.kvartal 2012 Helse og omsorg
6	X	07.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1.kvartal 2012 - finans
8	X	08.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1.Kvartal - Plan & utvikling
7	X	08.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2012 for barnehagane, ansvar 271, 272 og 273.
9	I	09.05.2012	Grov Kari	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2012 - barnevernet
13	X	14.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal

			Christian Lundeland	2012 - NAV
12	X	14.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal
10	X	14.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	2012 - Kulturskulen ansvar 250
				Budsjettkontrollrapport 1.kvartal
14	X	16.05.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	2012 Ansvar 210
				Budsjettkontrollrapport 1. kvartal
				2012 - Sentraladministrasjonen

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

-

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Økonomireglementet.

KVA SAKA GJELD:

Rapport om den økonomiske stoda pr 1.kvartal, og framlegg til budsjettjusteringar.

SAKSUTGREIING:

Sentraladministrasjonen / ansvar 120

Driftsbudsjettet vil ikkje halde pga ekstraordinære løns- og rekrutteringsutgifter . Det vert søkt om tilleggsløyving på kr 675.000, inkl 75' til ombygging av kantina.
Ein føreset at investeringsbudsjettet vil halde.

Hyllestad skule / ansvar 210

Det er utfordringar knytt til skulelokala og bemanninga, men førebels kan det sjå ut for at budsjettet kan halde. Etter tilråding frå kontrollutvalet, vedtok kommunestyret i sak 17/12 å vurdere skulebudsjettet ved første budsjettregulering. Ein kan førebels ikkje sjå at det er nødvendig å justere budsjettet.
Ein føreset at investeringsbudsjettet vil halde, men pga vedtak i k-sak 20/12 kan ein del av investeringsutgiftene forskyvast til 2013.

Kulturskulen / ansvar 250

Rapporten viser til manglande inntekts oversyn. Rektor har seinare rapportert at faktureringa og sal av tenester 1.halvår viser at inntektssida er ajour. Budsjettet ser dermed ut til å halde. Tenesta har ikkje investeringsprosjekt.

Barnehagane / ansvar 271,272,273

Føresetnadane for budsjettet er endra; jf k-sak 19/12. Det vert søkt om tilleggsløyving på kr 253.000. Ein føreset at investeringsbudsjettet vil halde.

NAV /ansvar 355

Budsjettet kan halde, men det er ørsmå marginar..

Helse- og omsorg / ansvar 310, 312, 313, 314,320, 340, 350, 360, 370, 371, 372, 373

Budsjettet ser førebels ut til å halde, men situasjonen i omsorgstenestene gir grunn til ei viss uro. Det er så langt ikkje brukt investeringsmidlar. Det ligg ved eigen rapport frå HAFS interkommunale barnevernsteneste som varslar mogeleg overskriding ved slutten av året.

Med tilvising til andre saker som m.a. ligg til handsaming i kommunestyret 28.juni, tilrår eg at ramma blir justert opp pga følgjande ikkje budsjetterte utgifter:

- Vidareføring av samhandlingsprosjekt rehabilitering m.v. kr 11.258,-
- Etablering av overgrepsmottak kr 14.028,-
- Etabl. av senter mot incest og seksuelle overgrep; jf vedl. brev av 22.02.12: kr 5.932,-
kr 31.218,-

Plan og utvikling / ansvar 280, 600, 610, 620, 650, 660, 670, 690

Budsjettet har eit relativt høgt forbruk på drift og vedlikehald. Budsjettet kan likevel halde.

Finansområdet/ ansvar 900

I revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2012 er skatteinntektene til kommunane oppjustert med 1,87 mrd kr. Deflatoren (løns- og prisvekst) er justert ned frå 3,25% til 3%. Samla sett er det lagt til grunn ein vekst i frie inntekter på 0,3% i høve til statsbudsjettet.

Prognosen for skatt og rammetilskot for Hyllestad viser ein samla vekst på 64' kr i høve til vedteke budsjett, men det er ein stor forskyving frå skatt til rammetilskot. Folketalet i Hyllestad har minka med 13 personar i første kvartal, og det er ein lokal nedgang i skatteinngangen i høve til i fjor. Ein tilrår difor å justere ned skatteinntektene med 500' Kr.

Det er avsett 500' kr til inndekning av underskot. Rekneskapen for 2011 kom ut i balanse, slik at denne utgifta kan settast til 0.

Det er vidare budsjettert med 1,4 mill kr til avsetning på disposisjonsfond. Ein tilrår å dekke inn dei varsla meirutgiftene på sentraladministrasjonen, i barnehagane og omsorgstenestene (interkommunale samhandlingstiltak) med å redusere avsetninga.

Ein ligg elles førebels godt an i høve til budsjettet når det gjeld konsesjonskraftinntekter og avkastning på det såkalla kraftfondet.

Ein tilrår å justere investeringsbudsjettet / låneopptaket i økonomiplanen såleis:

- Delar av skuleprosjektet blir forskyve til 2013; jf k-sak 20/12 og 13/12.
- Låneopptaket for Sørbøvåg vassverk i 2012 blir utsett til 2013, då ein har unytta lånemidlar i prosjektet som finansierer arbeidet i 2012.

VURDERING:

Budsjettet har framleis ein realistisk balanse, men ein må redusere planlagt reserveavsetning for å dekke inn kjende påkomne utgifter.

Til kommunestyret si handsaming 28.06.12:

Eg orienterte formannskapet den 14.juni om at det, som følgje av vedtak gjort av fylkesmannen, er gjort nye utrekningar av tilskotet til Åfjorddalen barnehage for 2010, 2011 og 2012, som ville innebere ei vesentleg meirutgift i 2012. Eg viser til vedlegg. Samla meirutgift utgjer kr 404.973 som følgje av dette. Budsjettansvar 271 Tilskot Åfjorddalen barnehage må oppjusterast tilsvarende.

Eg viser elles til følgjande andre saker til møtet:

- Nedlegging av Øn barnehage og mellombels overføring til Leirvik barnehage frå 1.09.12.
- Elektronisk arbeidsplanleggingssystem – prosjektstilling – omorganisering.

Som følge av desse sakene endrar eg tilrådinga slik at barnehagebudsjettet blir oppjustert med kr 35.800 i staden for kr 253.000. Ny tilråding blir dermed som følgjer (også med taloppretting i siste kolonne):

1. Kommunestyret tek budsjettkontrollrapporten pr 1.kvartal til etterretning.
Driftsbudsjettet vert å justere i samsvar med følgjande oppstilling:

Ansvar	kto	teneste	Utg opp Innt ned	Utg ned Innt opp	Justert budj /ramme
120		Sentraladministrasjonen	600.000		10.371.000
271		Tilskot Åfj. barnehage	404.973		1.754.973
272-273		Barnehagane	35.800		5.510.800
370	13505	Adm. omsorg	31.000		71.000
900	18700	Skatt	500.000		32.400.000
900	15300	Dekning av underskot		500.000	0
900	15400	Avsetning til disposisjonsf.		1.071.773	328.223
			1.571.773	1.571.773	

2. Kommunestyret vedtek å justere investeringsplanen i økonomiplanen i samsvar med følgjande:

Prosjekt	2012	2013	2014	2015
1750 Sørbovåg vassverk	-3000'	+3000'		
1917 Skuleprosjektet	-4000'	+4000		

Dette inneber følgjande samla låneopptak i perioden:

År 2012	10.600.000	
År 2013	23.100.000	Inkl. auke i skuleinv., kr. 1.600.000 (KOMM-20/12)
År 2014	16.025.000	
År 2015	1.450.000	
Samla lånebehov	51.175.000	



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad formannskap	30.08.2012	060/12
Hyllestad kommunestyre	06.09.2012	057/12

Sakshandsamar:

Jens Christian Lundeland

Arkivkode:

K1-150

Arkivsaknr.

12/179

Budsjettkontrollrapport 1.halvår 2012

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret tek budsjettkontrollen for 1.halvår til etterretning.

30.08.2012 HYLLESTAD FORMANNSKAP

Finansrapport vart utdelt i møtet (ark hadde falle ut ved kopiering).

SP v/Morten Askvik sette fram følgjande tilleggsframlegg:

«Formannskapet vil ha utgreidd konsekvensane av endringa i ordninga med refusjonsmalar for gjesteelevar som vart vedteken i rådmannsutvalet».

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak og SP sitt tilleggsframlegg vart samrøystes tilrådd.

FORM-060/12 VEDTAK:

Kommunestyret tek budsjettkontrollen for 1. halvår til etterretning.

Formannskapet vil ha utgreidd konsekvensane av endringa i ordninga med refusjonsmalar for gjesteelevar som vart vedteken i rådmannsutvalet.

06.09.2012 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-057/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Kommunestyret tek budsjettkontrollen for 1. halvår til etterretning.

2. Kommunestyret tek administrasjonen sitt framlegg til omdisponering av investeringsplan 2012-2015 til etterretning.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
17	X	12.07.2012	Administrasjonssjefen	Budsjettkontrollrapprt 1 halvår - Plan & utvikling
18	X	16.07.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1. halvår 2012 - Sentraladministrasjonen
19	X	18.07.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1. halvår 2012 - NAV
24	X	06.08.2012	Leirvik barnehage - Rigmor Strømskag Dale; Hyllestad skule - Hildegunn Hatlem; NAV Hyllestad - Kristen Holt; Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland; Hyllestad og Fjaler kulturskule - Ole Jakob Nedrebø; Øn barnehage - Inger Nyland; Sentraladministrasjonen - Elin Garnes Solås; Hyllestad skule - Kjersti Søvik	Budsjettkontroll 1.halvår 2012 - økonomiske oversikter
23	X	06.08.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1.halvår 2012 - finans
25	X	09.08.2012	Sentraladministrasjonen - Irene Bøe; Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1.halvår 2012 helse- og omsorg
26	X	13.08.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1.halvår 2012 - ansvar 210 - skule
28	X	14.08.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport for 1. halvår 2012, Kulturskulen
27	X	14.08.2012	Administrasjonssjefen - Jens Christian Lundeland	Budsjettkontrollrapport 1. halvår - ansvar 271, 272, 273 barnehagane

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Økonomireglementet.

KVA SAKA GJELD:

Rapport om den økonomiske stoda pr 1.halvår 2012.

SAKSUTGREIING:**DRIFT**

ansvar		rekneskap 1.hå	budsjett	%forbruk
100	Administrasjonssjefen	54	0	-
120	Sentraladministrasjonen	4730	10371	45,6
210	Hyllestad skule	9562	20942	45,7
250	Kulturskulen	531	1050	50,6
271,272,273	Barnehagane	3353	7266	46,1
355	NAV	523	1700	30,8
310-350,360	Helsetenestene	3261	7099	45,9
370-373	Omsorgstenestene	15071	32149	46,9
280,600-690	Plan og utvikling	4899	8695	56,3
	Sum rammer	41984	89272	47,0
900	Finans	-49597	-89271	55,6

Administrasjonssjefen / ansvar 100

Utgiftene er i samband med Unesco-nominasjonen, og er vedtekne dekkja av fond. Ansvarer skal gå i null. Budsjettet vil halde.

Sentraladministrasjonen / ansvar 120

Driftsbudsjettet ser ut til å kunne halde.

Hyllestad skule / ansvar 210

Driftsbudsjettet ser ut til å kunne halde.

Kulturskulen / ansvar 250

Driftsbudsjettet ser ut til å kunne halde.

Barnehagane / ansvar 271,272,273

Driftsbudsjettet kan halde, men det er usikkerheit pga omorganisering og flytting.

NAV / ansvar 355

Driftsbudsjettet ser ut til å kunne halde.

Helse- og omsorg / ansvar 310, 312, 313, 314,320, 340, 350, 360, 370, 371, 372, 373

Driftsbudsjettet for helsetenestene ser ut til å kunne halde, men minner om tidlegare varsel frå barnevernstenesta om mogelege meirutgifter. Budsjettet for omsorgstenestene ser no ikkje ut til å halde – det er varsla ei meirutgift på 4-500'kr.

Plan og utvikling / ansvar 280, 600, 610, 620, 650, 660, 670, 690

Budsjettet har eit relativt høgt forbruk, men budsjettet kan likevel halde viss det ikkje oppstår uføresette kostnader.

Finansområdet/ ansvar 900

Etter at skatteinntektene vart nedjustert med 500' pr 1.kv. er ein meir trygg på at budsjettet vil kunne halde. Dersom p.t. renta held seg på 2,5% ut året, vil ein kunne få ei mindreutgift på ca 400' kr. Viser elles til økonomisjefen sin rapport.

Den samla rammekontrollen viser at det no ser ut til å bli eit meirforbruk på tenestekområda, men og at ein truleg kan vente ei meirinntekt på ansvar 900, slik at det framleis er balanse i driftsbudsjettet samla sett.

Det er sannsynleg at ein vil få likviditetsproblem mot slutten av året.

INVESTERING

Det er eit etterslep i investeringane. Det er likevel gjort mykje førebuingarbeid i 1.hå med sikte på iverksetjingar i 2.hå.

Ombygginga på skulen er i hovudsak gjennomført til skulestart. Anbudet inneber ei overskriding på årets løyving med ca 1,3 mill kr. Ein valde å sjå løyvingane i 2012 og 2013 under eitt og sette arbeidet i gang, men føresette at ein vurderte innsparingar på modulbygget i fase 2. Viser til vedlagde rapport / e-post til varaordførar/ordførar av 4.07.12, og møterefarat av 4.07.12.

Kontraktsummen for barnehageprosjektet er på 2.556.498 kr – altså under budsjettet som er på 3 mill kr. Det er no varsla om behov for tiltak som ikkje er planlagt / budsjettert – m.a. nytt golvbelegg, og det er sett fram behov for tilleggsloving på 300' kr. Viser til eige notat / vedlegg.


Plan og utvikling varslar at budsjettet for varmepumpa ikkje vil halde. Opphavleg var det budsjettert med 500' kr. Så langt er det brukt ca 300'. Løyvinga vart redusert med ca 140' i samband med rekneskapsavslutninga for 2011. Det er varsla eit behov som opphavleg budsjettert.

Viser elles til rapportane frå dei ulike ansvarsområda.

VURDERING:

Driftsbudsjettet har framleis ein realistisk balanse. Ein tilrår no å sjå utviklinga, og vente med ev justeringar til 3 kvartal.

Når det gjeld investeringane, så vil ein vurdere ei mogeleg samla løysing for tilleggsbehova - ev utan ekstra låneopptak - til kommunestyret si handsaming. Meirutgifter på investeringsbudsjettet vil medverke til å presse likviditeten mot slutten av året.



HELSETILSYNET

tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene

Internserien 8/2011

Utgitt av Statens helsetilsyn

Retningslinjer for oppfølging og avslutning av tilsyn ved lovbrudd i virksomheter

Målgruppe: Ansatte i Statens helsetilsyn og fylkesmannsembetene

Saksbehandlere: Øyvin Palm, Hege Kristin Millerud og Wenche Skjær 26. oktober 2011

Godkjent av: Lars E. Hanssen, 26. oktober 2011

Vurderes innen: 30. juni 2012

Innhold

1	Retningslinjenes innhold og målsetting.....	3
2	Hva skal gjøres etter endelig rapport / avsluttende brev	3
2.1	Hva tilsynsmyndigheten skal be virksomheten om	4
2.2	Tilsynsmyndighetens organisering av arbeidet.....	5
2.3	Tilsynsmyndighetens aktiviteter	5
3	Tidsfrister.....	6

1 Retningslinjenes innhold og målsetting

Målet med disse retningslinjene er å bidra til at tilsynsmyndigheten følger opp tilsyn der det er funnet lovbrudd, i tråd med kravene til godt tilsyn og forsvarlig forvaltning:

- at tilsynsmyndigheten følger opp tilsyn på en måte som understøtter den enkelte virksomhets ansvar for å drive i samsvar med kravene i barnevern-, sosial- og helse- og omsorgslovgivningen
- at tilsynsmyndigheten bidrar til at virksomhetens arbeid med å rette lovbrudd har den nødvendige fremdrift
- at tilsynsmyndigheten bidrar til at virksomhetens arbeid med å rette lovbrudd fører til tiltak som gir varige endringer og forebygger liknende lovbrudd i fremtiden

Retningslinjene gjelder der Fylkesmannen eller Statens helsetilsyn, heretter kalt tilsynsmyndigheten, har avdekket lovbrudd i virksomheter i barnevern-, sosial- eller helse- og omsorgstjenesten. Den gjelder for planlagt og hendelsesbasert tilsyn. Retningslinjene gjelder for perioden frem til virksomheten har rettet lovbruddet eller til tilsynsmyndigheten vurderer å gi pålegg.

Retningslinjene bygger på at tilsyn skal følges opp ved dialog mellom tilsynsmyndigheten og virksomheten. Dialogen skal gjennomføres i tråd med prinsippene for god forvaltningsskikk. Hvis dialogen ikke fører frem skal det vurderes å treffe enkeltvedtak om pålegg.

Retningslinjene bygger på veilederne for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker (veileder for tilsynssaker del I for Helsetilsynet i fylket og del II for Statens helsetilsyn, veileder for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker etter sosialtjenestelovgivningen, og veileder for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker etter lov om barneverntjenester) og prosedyren for tilsyn utført som systemrevisjoner. Den foreliggende prosedyren erstatter disse dokumentenes omtale av avslutning av tilsyn. Retningslinjene erstatter også brev fra Statens helsetilsyn til embetene av 15. juni 2010 om rask oppfølging etter systemrevisjon (2010/634).

2 Hva skal gjøres etter endelig rapport / avsluttende brev

Arbeidet med å følge opp tilsynet starter når endelig rapport eller avsluttende brev er ferdig. I oversendelsesbrevet til endelig rapport og i avsluttende brev skal tilsynsmyndigheten tydelig beskrive hvilke aktiviteter som forventes av virksomheten i arbeidet med å bringe forholdene i samsvar med lovkrav.

Virksomheten har ansvar for å rette påpekt lovbrudd og tilsynsmyndigheten skal følge opp inntil virksomheten har rettet lovbruddet. Tilsynet skal ikke avsluttes før tilsynsmyndigheten er rimelig sikker på at virksomhetens ledelse har rettet lovbruddet og har lagt til rette for at tjenestene fremover vil kunne ytes i samsvar med aktuelle lov- og forskriftskrav. Etter at tilsynet er avsluttet skal det vurderes om det er aktuelt å be virksomheten sende rapport fra ledelsens gjennomgang av om tiltakene har virket etter hensikten. Hvor lang tid som skal gå fra tilsynet er avsluttet og til virksomhetens ledelse gjennomfører en slik gjennomgang må vurderes i det enkelte tilfelle.

Det er Fylkesmannen som skal følge opp tilsynet. Unntaket er når Statens helsetilsyn har besluttet selv å gjennomføre og følge opp tilsyn. I de hendelsesbaserte sakene hvor Fylkesmannen har oversendt saken til Statens helsetilsyn for vurdering, skal Fylkesmannen følge opp saken når Statens helsetilsyn er ferdig med sin saksbehandling og har sendt avsluttende brev til virksomheten.

2.1 Hva tilsynsmyndigheten skal be virksomheten om

I hvert tilsyn må tilsynsmyndigheten vurdere hvilke aktiviteter det er hensiktsmessig å be virksomhetens ledelse om å gjennomføre for å rette lovbruddet så raskt som mulig og sikre forsvarlig virksomhet, for å hindre at tilsvarende skjer igjen. Tilsynsmyndigheten må vurdere om lovbruddet er så alvorlig at det er påkrevet med hasteløsninger, eventuelt om det skal startes en påleggssak. Både typen lovbrudd og alvorlighetsgrad må vurderes når det skal settes frister.

Tilsynsmyndigheten skal vanligvis be virksomheten om:

- å gjøre sin egen vurdering av hvilke forhold som påvirker og bidrar til lovbruddet
- å utarbeide plan med tiltak for å rette lovbrudd
- å bekrefte at tiltak er iverksatt
- resultatet av ledelsens gjennomgang og ledelsens vurdering av om tiltakene har virket som planlagt etter at de har vært virksomme noe tid

Virksomhetens egen vurdering av hvilke forhold som påvirker og bidrar til lovbruddet

Tilsynsmyndigheten har, ved planlagte tilsyn og i en hendelsesbasert tilsynssak, sett et begrenset utsnitt av virksomheten. Tilsynsmyndigheten påpeker lovbrudd og hvilke funn eller fakta vurderingen bygger på.

I noen tilfeller kan det i tillegg være andre forhold ved virksomheten som også har påvirket og bidratt til lovbruddet. For at virksomhetens tiltak for å rette lovbruddet skal gi varige løsninger som sikrer at den etterlever kravene i fremtiden, bør virksomheten gjøre sin egen vurdering av hvilke forhold som har bidratt til lovbruddet. Tilsynsmyndigheten kan, basert på de konkrete funnene og den aktuelle situasjonen, anbefale virksomheten å foreta en slik vurdering, men skal ikke be om å få denne vurderingen tilsendt.

Virksomheten bestemmer selv hvordan det er mest hensiktsmessig å gjøre denne vurderingen basert på kjennetegn ved virksomheten, de aktuelle lovbrudd og om årsakene er åpenbare eller ikke. Gjennomgangen kan for eksempel gjøres i et møte eller ved at virksomheten gjør en mer omfattende vurdering for å identifisere hvilke elementer i hendelsesforløpet som ikke er godt nok sikret.

Virksomhetens plan for å rette lovbruddet

Planen skal vanligvis inneholde fire elementer:

- Tiltak som settes i verk for å rette lovbruddet
- Hvordan ledelsen vil følge med på og kontrollere at tiltakene er iverksatt
- Hvordan ledelsen vil gjennomgå om tiltakene har virket som planlagt etter at de har fått virke en stund
- Virksomhetens egne frister for å sikre fremdrift

Virksomhetens bekreftelse på at tiltakene er iverksatt

Virksomheten skal i egen rapportering, eventuelt i flere rapporteringer, bekrefte at tiltakene i planen er iverksatt. Rapporteringen(e) gir tilsynsmyndigheten mulighet for å kontrollere at virksomheten holder sin egen fremdriftplan. I noen tilfeller vil virksomheten melde at tiltakene er iverksatt så raskt at en plan ikke er nødvendig.

Ledelsens gjennomgang og vurdering av om tiltakene fortsatt er i bruk og har virket som planlagt

Tilsynsmyndigheten må ved avslutningen av tilsynet gjøre en konkret vurdering av om lovbruddene er av en slik art at det er hensiktsmessig å be om en rapport om ledelsens gjennomgang og vurdering av om tiltakene har virket som planlagt etter at tiltakene har virket en tid.

Virksomheten beslutter selv hvordan det er mest hensiktsmessig å foreta en slik gjennomgang og vurdering. Resultatet av ledelsens gjennomgang rapporteres til tilsynsmyndigheten.

2.2 Tilsynsmyndighetens organisering av arbeidet

